




DEN NORSKE KYRKJA
i Bygland



Kultur- og kirkedepartementet
Kirkeavdelingen
Postboks 8030

0030 OSLO

HØYRINGSSVAR - "STYRKET DEMOKRATI I DEN NORSKE KIRKE"

I det ein syner til innstilling frå arbeidsgruppa som vart oppnemd av Kultur- og kyrkjedepartementet 13.02.08, og som gav si innstilling i eige hefte av 13.05.08, har Bygland Kyrkjelege Fellestråd i sitt møte 26.08.08 gjort fylgjande samrøystes vedtak:

"Bygland kyrkjelege fellestråd gjev sin tilslutnad til hovudlinene i denne høyringa, og vil spesielt understreka punktet om at det bør bli lettare å få stemmerett og valbarheit i eit anna sokn enn der ein er busett".

Til orientering kan seiast at enkelte grendelag i nabokommunen vår naturleg søker til våre sokn og kyrkjelyder, men der ordninga av i dag gjer at dei likevel ikkje har stemmerett og valbarheit der av di dei bur i ein annan kommune og dermed formelt eit anna sokn.

Ein vil tru dette kan vera ei utfordring fleire stader, og det er difor særst ynskjeleg at det vert gjort noko med dette.

Med vensam helsing

Olav Nilsen
kyrkjevevjerje